



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	18.09.2025
Møtetid:	12:15 -16:00
Møtestad:	Stordalen, Stordalen fjellstove

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Kariann Ekren	medlem	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 72/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 73/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 26.06.25	
PS 74/2025	Finansrapportering pr. 31.08.2025/2.tertial	
PS 75/2025	Kraftmelding pr. 30.06.2025	
PS 76/2025	Omsorgsbustader med personalbase på Hosteland - forprosjekt	
PS 77/2025	Forprosjekt fleirbrukshall - rapport etter arbeid med forprosjekt	
PS 78/2025	Ny opsjonsavtale mellom Masfjorden kommune og KB Campus Matre AS	
PS 79/2025	Framlegg til nye vedteker for barnehagane i Masfjorden 2025	
PS 80/2025	Forslag til forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular, Masfjorden kommune	
PS 81/2025	Ny forskrift for Skulefridtdsordninga (SFO) for Masfjorden kommune 2025	
PS 82/2025	Utbetring av kommunal veg etter ras - Vågset - oppsetting av betong rekkverk	
PS 83/2025	Søknad om grusing av turveg, Naturmøteplassen	
PS 84/2025	Fjerning av skog i samband med planlagt utbetring av fylkesveg 570 på Mjanger	
PS 85/2025	Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redning - 2025	
PS 86/2025	Utbyggingsavtale Hosteland Vest	
PS 87/2025	Klage på vedtak om avvising av klage til manglande oppfølging av kommundelplan for trafikksikring	
PS 88/2025	Klage på reguleringsplan for Botneneset gnr. 31 bnr. 1 m.fl.	

PS 89/2025	Referat- og orienteringssaker
RS 27/2025	Avtale om kjøp av tingingstransport i Masfjorden kommune
RS 28/2025	Støtte - Rosa sløyfe
RS 29/2025	Prosjektskjøn - skjønsmidler til fornying og innovasjon i kommunane 2026
RS 30/2025	Protokoll 2-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 6. juni
RS 31/2025	Fordeling av midlar til vassområda i Vestland vassregion 2025

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 72/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 72/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 73/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 26.06.25

Vedtak frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 73/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 26.06.25:

Møteprotokoll frå formannskapet 26.06.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 74/2025 Finansrapportering pr. 31.08.2025/2.tertial

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 74/2025 Finansrapportering pr. 31.08.2025/2.tertial:

Tilråding frå formannskapet:

Finansrapport pr. 2.tertial/31.08.2025 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 75/2025 Kraftmelding pr. 30.06.2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 75/2025 Kraftmelding pr. 30.06.2025:

Tilråding frå formannskapet:

Kraftmelding pr. 30.juni 25 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 76/2025 Omsorgsbustader med personalbase på Hosteland - forprosjekt

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande tilleggssetning i møtet:

- Prosjektet skal og vurdere det samla biletet når det gjeld omsorgsbustader i kommunen.

Framlegg til vedtak med tilleggssetning jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 76/2025 Omsorgsbustader med personalbase på Hosteland - forprosjekt:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt for omsorgsbustader med personalbase på Hosteland. Prosjektet skal og vurdere det samla biletet når det gjeld omsorgsbustader i kommunen. Det vert løyvd kr. 500.000,- til arbeid med forprosjektet, finansiert med fondsmidlar.

Rådmannen oppnemner tilsette frå ulike einingar som skal vere med i arbeidsgruppa. Pensjonistlaga og Eldrerådet skal involverast i arbeidet.

Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet. Arbeidet med forprosjektet skal vera gjort ferdig i løpet av våren 2026.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 77/2025 Forprosjekt fleirbrukshall - rapport etter arbeid med forprosjekt

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 77/2025 Forprosjekt fleirbrukshall - rapport etter arbeid med forprosjekt:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret tar vedlagt rapport *Masfjorden kommune samanstillingsrapport 08.09.2025*, forprosjekt fleirbrukshall til vitring.

Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 08.09.2025

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 78/2025 Ny opsjonsavtale mellom Masfjorden kommune og KB Campus Matre AS

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 78/2025 Ny opsjonsavtale mellom Masfjorden kommune og KB Campus Matre AS:

Tilråding frå formannskapet::

Masfjorden kommune godkjenner vedlagde opsjonsavtale med tilhøyrande kjøpekontrakt dagsett 28.08.2025 med selskapet KB Campus Matre AS.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 79/2025 Framlegg til nye vedteker for barnehagane i Masfjorden 2025

Saka vart drøfta.

Formannskapet ba om ei utgreiing om endra opningstid frå 7:15 til 7 inkl SFO for alle tre oppvekstområda.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 79/2025 Framlegg til nye vedteker for barnehagane i Masfjorden 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Vedtektene for barnehagane i Masfjorden 2025 vert godkjend og gjeldande frå dags dato.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 80/2025 Forslag til forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular, Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 80/2025 Forslag til forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular, Masfjorden kommune:

Tilråding frå formannskapet:

Forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular, Masfjorden kommune vert vedteke slik forslaget ligg føre.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 81/2025 Ny forskrift for Skulefridtdsordninga (SFO) for Masfjorden kommune 2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 81/2025 Ny forskrift for Skulefridtdsordninga (SFO) for Masfjorden kommune 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Forskrift for Skulefritidsordninga (SFO) vert vedteken slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 82/2025 Utbetring av kommunal veg etter ras - Vågset - oppsetting av betong rekkverk

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 82/2025 Utbetring av kommunal veg etter ras - Vågset - oppsetting av betong rekkverk:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune løyver Kr 300.000,- inkl.mva,- til oppsetting av betongrekkverk på kommunalveg ved Vågset.

Midlane vert henta frå låneopptak.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 83/2025 Søknad om grusing av turveg, Naturmøteplassen

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 83/2025 Søknad om grusing av turveg, Naturmøteplassen:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune dekkar kostnaden ved grusing av turveg Naturmøteplassen på inntil kr 72800 eks. mva.

Tiltaket vert finansiert gjennom disposisjonsfondet.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 84/2025 Fjerning av skog i samband med planlagt utbetring av fylkesveg 570 på Mjanger

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 84/2025 Fjerning av skog i samband med planlagt utbetring av fylkesveg 570 på Mjanger:

Vedtak frå formannskapet:

Avtale om kjøp av vegareal og fjerning av skog på gnr. 35 bnr. 3 på Mjanger vert godkjent, og rådmannen får fullmakt til å inngå tømmerkontrakt knytt til drift/utkøyring og sal av tømmer.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 85/2025 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redning - 2025

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande tilleggssetning i møtet:

- Rådmannen får fullmakt til å godkjenne innmelding av evt nye kommunar i samarbeidet.

Framlegg til vedtak med tilleggssetninga vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 85/2025 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redning - 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune godkjenner endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KO»

Rådmannen får fullmakt til å godkjenne innmelding av evt nye kommunar i samarbeidet.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 86/2025 Utbyggingsavtale Hosteland Vest

Ordfører Erlend Kvamsdal (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 86/2025 Utbyggingsavtale Hosteland Vest

Formannskapet vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Kvamsdal var inhabil sidan han er grunneigar i området.

Erlend Kvamsdal deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande justert framlegg i møtet:

- Masfjorden kommune godkjenner utbyggingsavtale Hosteland vest, og løyver tilskot med kr. 3 mill.kr. (2026) med utbetaling ved oppstart av prosjektet og 5 mill.kr. (2027), finansiert med at utbyggjaren refunderer kr. 500.000 til Masfjorden kommune til medfinansiering av gangveg frå Ynnesdalskrysset til Fensfjordbygg, finansiert av posten etableringstilskotsordninga/bustadføremaal i kraftfondet til Masfjorden kommune. Bruk av (bustad)fond. Finansiert elles av fortløpande tilknytingsavgifter til Masfjorden kommune.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 86/2025 Utbyggingsavtale Hosteland Vest:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune godkjenner utbyggingsavtale Hosteland vest, og løyver tilskot med kr. 3 mill.kr. (2026) med utbetaling ved oppstart av prosjektet og 5 mill.kr. (2027), finansiert med at utbyggjaren refunderer kr. 500.000 til Masfjorden kommune til medfinansiering av gangveg frå Ynnesdalskrysset til Fensfjordbygg, finansiert av posten etableringstilskotsordninga/bustadføremaal i kraftfondet til Masfjorden kommune. Bruk av (bustad)fond. Finansiert elles av fortløpande tilknytingsavgifter til Masfjorden kommune.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 87/2025 Klage på vedtak om avvising av klage til manglande oppfølging av kommundelplan for trafikksikring

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 87/2025 Klage på vedtak om avvising av klage til manglande oppfølging av kommundelplan for trafikksikring:

Vedtak frå formannskapet:

Klage på vedtak om avvising av klage frå Frode Vee-Haugen dagsett 22.08.2025 vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til grunngjevinga nedunder.

Klagen vert med dette sendt over til Statsforvaltaren i Vestland til endeleg klagehandsaming i medhald av forvaltningslova sin § 33, jf. § 28.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 88/2025 Klage på reguleringsplan for Botneset gnr. 31 bnr. 1 m.fl.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 88/2025 Klage på reguleringsplan for Botneset gnr. 31 bnr. 1 m.fl.:

Vedtak frå formannskapet:

Klagen frå Øystein Hagesæther dagsett 26.05.2025 vert ikkje teken til følge.

Klagen på vedtak om å godkjenna reguleringsplanen for Botneset vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, 3 ledd, jf. forvaltningslova sin § 28 sendt over til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 18.09.2025 av sak 89/2025 Referat- og orienteringssaker

Referatsaker:

- Avtale om kjøp av tingingstransport i Masfjorden kommune
- Støtte - Rosa sløyfe
 - formannskapet samla seg om å løyve kr 5.000 i tilskot Rosa Sløyfe
- Prosjektskjøn - skjønsmidler til fornying og innovasjon i kommunane 2026
 - formannskapet ba om at det vart søkt om skjønsmidler til Stordalen skisenter
- Protokoll 2-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 6.juni
- Fordeling av midlar til vassområda i Vestland vassregion 2025

Vedtak frå Formannskapet - 18.09.2025 av sak 89/2025 Referat- og orienteringssaker:
Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.